



HEILT FRÅ POLEN: Spesielt båtbyggingsinteresserte Filip Gotebiewski kom langveis fra Polen for å delta i Oselvarfestivalen.



VELKOMEN: Kjetil Osablood Grønvigh introduserer programmet med Os Mannskor i bakgrunnen



BÅTBYGGJARAR: Oselvarbyggjarar Berit Osmundsen og Fredrik Meier, og 7,5 år gamle Ingrid, som er blant borna som har fått prøvd seg på båtbygging under festivalen.



BADA I SOL: Laurdag skein sola frå skyfri himmel ned på Oselvarnaustet, der ei mengd av menneske i alle aldrar stod klare


Oselvarfestivalen – ei internasjonal perle

- Det som er så flott med årets festival, er at vi i år kan seia at Oselvarfestivalen er listeført hos UNESCO som 'beste vernepraksis for å ta vare på immaterielle kulturarv', sa Berit Osmundsen då ho ynske velkommen til årets Oselvarfestival laurdag.

Laurdag skein sola frå skyfri himmel ned på Oselvarnaustet, der ei mengd av menneske i alle aldrar stod klare for å delta i den årlege Oselvarfestivalen.

Frå Polen for å delta i festivalen

I år fekk festivalen besök av ein særleg interessert gjest. Filip Golębiowski kjem frå Polen og er svært interessaert i båtbygging, spesielt av den tradisjonelle norske varianten. Oselvarren si enkle, sterke og funksjonelle form har fascinert han til den grad at han bestemde seg for å reise til Oselvarfestivalen i Noreg for første gong for å sjå alle detaljane til båten på nært hold.



for å delta i den årlege Oselvarfestivalen.



TESTING: Bjørn (6) prøver ut den nye båten sin.

- Eg beundrar at alt ved oselvaren er på sin plass, alle element ved båten har ei rolle og er til stades av ein grunn, fortelar han på engelsk.

- Turen er definitivt verd det. Eg angrar ikkje på at eg kom hit."

Liv ved naustet

Etter velkomsttalen venta stemningsfull song og musikk frå Os Mannskor og Os Durspelsamskipnad.

Eitt av tiltaka for å spreia engasjementet for oselvbygging var å invitera store og små til båtbygging av plankerestar frå verkstadene.

- Ein må ta til ein plass, smilte Osmundsen.

På programmet stod også kaproeing i

oselvarar som verkstadene lantte ut. I lys av det aktuelle valet, hadde dei ulike politiske partia eit venleg kappløp mot slutten av formiddagen.

Mari Harju Skeie

post@osogfusa.no



VISTE STYRKE: Fleire yngre utøvarar viste sin styrke på kastfeltet.
(Foto: Privat)

Herleg innsats under Oslekene

Førre helg arrangerte Os Turn Oslekene for første gong på Kuventræ. Deltakarar frå ei rekke lag møtte opp.

►KUVENTRÆ

Det var fullt program både laurdag og søndag sist helg då friidrettsgruppa til Os Turn inviterte til første utgåve av Oslekene i helga.

Stort stemne

Totalt 152 utøvarar var i aksjon frå ei rekke klubbar og idrettslag i Hordaland. Totalt vart det over 400 startar.

- Det var eit stort stemne, dette. Det største me har arrangert sidan nyopninga, i alle fall, kommenterer trenar Jan Borgsen.

Han var strålende nøgd med resultata frå eigne og andre utøvarar.

- Det vart mange gode prestasjonar og personlege rekordar, seier han.

I den eldste guteklassen 18-19-år utmerka Sondre Herrevold seg i spyd. Han kasta 50,80 m, berre ein halv meter bak personen.

I jenteklassen (17 år) slo Sofie

Hausberg til med gode hopp i 3-steg og lengde. 10,96 og 4,94 heldt til gull i begge øvingar.

Gull tok ho også i høgde med eit hopp på 1,40 m.

Michelle Gassmann stilte i same klasse. Ho sprang 800-meteren på 2,34,50 og sette dermed ny banerekord i klassen. 200-meteren vann ho på 27,76.

Både Sondre, Sofie og Michelle er klare for UM på Fana stadion til helga.

Malin Dale tok to sølv og eitt gull i 15-årsklassen. Med 14,85 på 100-meter, 4,19 m i lengde og 9,43 i 3-steg sette ho tre nye personlege rekordar.

Strålende stemne

Lysekloster IL kom med fleire utøvarar. Dei var strålende nødde med stemnet.

- Fint vær, god innsats og eit godt tilrettelagt stemne, skryter Maria Bos frå Lysekloster IL.

Ho var godt nøgd med eigne utøvarar.

- Nok ein gong vart det mange nye personlege rekordar. I tillegg fekk me eit spennande oppgjør mellom jente- og gute-laget på stafetten søndag. Gutane vann til slutt med ny banerekord i årsklassen, fortel Bos.

►Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no



JENTESTAFETTLAGET TIL LYSEKLOSTER PÅ 4 X 60 METER:
Isabelle Eriksen, Jennie Bos, Emile Morken og Elise Bos. (Foto: Privat)